



Rettleiing

Opptak og tildeling av plass

- Søknadsfristen for hovudopptak til nytt barnehageår er 1. mars.
- Supplerande opptak i løpet av året blir gjort etter behov dersom det er ledige plassar.
- Opptak av barn i barnehagen er delegert til styrar for den enkelte barnehagen. Alle barnehagar i kommunen skal likevel samarbeide om opptak av barn.
- Brukarane sine ønskje og behov skal tilleggst stor vekt.
- Barn som fyller 1 år seinast innan utgangen av august i søknadsåret, har etter søknad lovmessig rett til plass i barnehage frå august.
- Barn som er fødte frå og med september vil ha rett til plass frå august det påfølgjande året.
- Søkjarar med rett til barnehageplass, og som ikkje ønskjer plass frå første aktuelle opptak, skal tilbydast plass ved neste opptak.
- Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til plass sjølv om dei ikkje fyller 1 år innan utgangen av august.
- Barnet har rett til barnehageplass i den kommunen der det er busett. Barnet er busett i den kommunen der det har bustadadresse.
- Dersom foreldra/dei føresette ønskjer det, kan kommunen oppfylle retten til barnehageplass i ein annan kommune gjennom eit interkommunalt samarbeid.

Talet på plassar i den enkelte barnehage vert fastsett i samsvar med Barnehagelova og tilhøyrande føreseger. Klage på opptak skal sendast til den barnehagen det gjeld. Klagen blir handsama i samsvar med forvaltningslova.

Oppseiing av plass

- Oppseiingstida for barnehageplass er ein månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad.
- Oppseiinga skal vere skriftleg og sendast til barnehagen.
- Plass som vert sagt opp etter 31. mars må det betalast for fram til sommarferien.
- For barn som har plass, eller har teke ved plass frå august, bind dei føresette seg til å betale t.o.m. oktober dersom ein ikkje får oppfylt plassen ved nytt inntak.

Foreldrebetaling

- Kommunestyret fastset årleg foreldrebetalinga.
- E-postadresse i søknadsskjemaet vert brukt som mottakar av faktura for foreldrebetaling.
- Eigenbetaling for 100% plass er kr 2 330 per månad.
 - ved redusert plass vert månadsbetalinga redusert tilsvarande
 - søskenmoderasjon vert gitt
 - full pris for første barn
 - 30% rabatt for andre barn
 - 50 % rabatt for tredje og følgjande barn
 - det blir fakturert betaling for 11 månader, juli er betalingsfri månad

Oppstart

- Det blir vist til barnehagerute for komande barnehageår.
- Barnehagane er stengt 4 veker om sommaren, til saman 5 dagar i høve jul/påska og 5 planleggingsdagar gjennom året.
- Ekstra opningstid om sommaren blir vurdert årleg og sett i verk etter behov.

Viser elles til gjeldande vedtekter for barnehagane i Norddal.
For utfyllande opplysningar ta kontakt med barnehagestyrarane.